

Melding om vedtak

Det Kongelige kommunal- og regionaldepartement
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Dykkar ref.

Vår ref.
13/140-13/6930

Arkivkode:
FE-009


Dato:
18.10.2013

Særutskrift - Høring - Endringer i plan- og bygningslova - byggesaksdelen

Viser til vedlagte sak med vedtak.

Med helsing

Jan Olav Osen (S)
rådmann


Thomas Lindås
Byggesakshandsamar/jurist

Austrheim kommune

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, råd m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.10.2013	180/13	Thomas Lindås

Saksansv.: Servicekontor	Arkiv: FE-009	Arkivsaknr: 13/140 -39
--------------------------	---------------	------------------------

Høyringar - endringar i plan- og bygningslova - byggesaksdelen - høyringssvar

Dokument i saka:

Dok.dato	Vedlegg	Dok.ID
11.07.2013	Høyring - forenkling i plan- og byggesakslova	68676
08.10.2013	Høyringar - høringar 2013 - Høyringssvar forenkling i plan- og bygningslova	71193

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet i Austrheim oversender vedlagte høyringssvar til Kommunal- og regionaldepartementet.

Behandling i Formannskapet 16.10.2013:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FS-180/13 Vedtak:

Formannskapet i Austrheim oversender vedlagte høyringssvar til Kommunal- og regionaldepartementet.

Særutskrift sendt:

Kommunal- og regionaldepartementet

Dato: 18/10-13 Sign: E. Hjelmshoit

Postboks 8129 Dep 0032 Oslo

merka sak 13/1718

1. Saka gjeld:

Høyring av forslag til forenkling samt andre endringar i plan- og bygningslova.

2. Saksopplysningar:

Det vart den 28/06/13 sendt ut på høyring forslag til forenkling samt andre endringar i plan- og bygningslova. Høyringsbrev ligg vedlagt.

3. Vurdering:

Vurderinga følgjer av vedlagt høyringssvar.

4. Konklusjon:

Formannskapet i Austrheim oversender vedlagte høyringssvar til Kommunal- og regionaldepartementet.



AUSTRHEIM KOMMUNE

Høyrings svar

Dykkar ref.
13/1718

Vår ref.
2013000140 - 40

Sakshandsamar:
Thomas Lindås

Arkivkode:
FE-009

Dato:
08.10.2013

Høyringar - høringar 2013 - Høyrings svar forenkling i plan- og bygningslova

Viser til høyringsbrev av 28.06.2013, Dykkar referanse 13/1718, høyring- forenklingar i plan- og bygningslova.

Austrheim kommune har gått grundig gjennom høyringsnotatet og har følgjande merknad:

Generelt

Austrheim kommune er ein kommune som er opptatt av at regelverket innanfor alle område skal vere enkelt for innbyggjarane å rette seg etter. I forlenging av dette ser difor Austrheim kommune positivt på at det er starta ein prosess for å forenkle byggjesaksdelen i plan- og bygningslova. Når det gjeld dei endringane som kjem fram av høyringsnotatet er det likevel fleire moment som må kommenterast nærare.

Nabovarsling

Det er kome forslag om å fjerne krav om nabovarsling for tiltak som er regulert i detaljregulering, samt at nabomerknader ikkje lenger skal medføra endring i sakshandsamingsfristen.

Austrheim kommune meiner dette vil svekke rettstryggleiken vesentleg for innbyggjarande. Når det gjeld fritak for nabovarsling for tiltak i tråd med detaljregulering så er dette ikkje ei god løysing. Sjølv om detaljregulering går langt i å regulere kva tiltak som kan byggjast er det likevel langt meir detaljerte opplysningar som kjem fram ved nabovarsling. Nabovarslinga er difor med på å sikre rettstryggleiken for naboar og gjennbuarar.

Vidare vil og forslaget om at nabomerknader ikkje skal endre sakshandsamingstida, vesentleg redusere rettstryggleiken. For å sikre gode løysingar både for tiltakshavar og naboar og gjennbuarar er det viktig at ein får tid til å komme med motsvar i saker der det er kome inn nabomerknader samt at forvaltninga får tid til å vuderer alle sider ved saka grundig.

Naboar er dei næraste til å vurdere tiltaket og sitt ofte på kunnskap som kommunen som forvaltar ikkje kjenner. Det er difor kritisk at desse vert hørt i alle saker og at prosessen rundt handsaming av merknader vert grundig.

Klagerett

Som ledd i innføringa av registreringsplikt for tiltak er det forslag om å fjerne klageretten for desse tiltaka. Klageretten sikrar i dag at både tiltakshavar og andre med klagerett har moglegheit til å få vedtak overprøvd. Dersom klageretten vert fjerna vil det vere opp til det sivile rettsapparatet å avgjere saker der det oppstår usemd. Å nytte det sivile rettsapparatet er både tids- og resurskrevande, mange vil difor vegre seg for dette. Som eit resultat forsvinn difor rettstryggleiken.

Klageretten er eit viktig forvaltningsmessig prinsipp og fjerning av denne vil undergrava viktige verdiar i samfunnet.

Oppsummering

Som det går fram ovanfor meiner Austrheim kommune at endringsforslaget slik det no ligg føre ikkje kan gjennomførast. Endringa kring nabovarsling og klagerett må fjernast. Ut over dette har ikkje Austrheim kommune vidare merknader til høyringsforslaget.